



Sportsfiskaren Kvinnherad
ved Ståle Schille
Heio 17
5452 Sandvoll

09.07.2013

NVE konsesjons-tilsynsavdelingen
5091 Majorstua
0301 OSLO

**VEDGÅANDE SØKNADAR OM KONSESJON FOR
OVERFØRING AV SITAUTEVATN TIL VALEDALSVATN,
OG SØKNAD OM UTBYGGING AV VALEDALEN
KRAFTVERK.**

Sportsfiskaren Kvinnherad er eit uavhengig lag for sportsfiskarar og andre. Laget har to satsingsområder; Nesjastølsvatnet og Opsangervatnet.

I Nesjastølsvatnet har laget drive samanhengande utfisking og kultivering av vatnet sidan oppstartinga av laget i 1993. Laget ser det og som si oppgåve å utvikle eit sunt og godt sportsfiskarmiljø og har difor hatt fleire arrangement saman med Barnas Turlag og Sørøst BIL ved fiskebua som blei bygd av SKL etter staffiutbygginga. Både i forkant, under og etter denne utbygginga har Sportsfiskaren Kvinnherad hatt eit godt samarbeid med SKL.

I Opsangervatnet har laget drive kultivering av aurebestanden sidan 1998. Dette arbeidet har vore utført med garn, men me vil no prøve å ta ut mest mogleg fisk gjennom bruk av storruse.

Det gjer at me kan ta fisken levande, og etter at me har fått godkjenning av fylkesmannen, kan me setja auren ut i brakkvassona i Opsangervågen. Me har ein god relasjon til grunneigarlaga og samarbeider også her med andre organisasjonar for å skapa ei haldning som gjer Opsangervatnet til eit godt vatn for alle.

Når det gjeld dei områda og dei vatna som Kvinnherad energi søkar om å få bygd ut så har Sportsfiskaren Kvinnherad ingen avtaler om kultivering ol. Men for fleire av medlemmane i laget er områda godt kjend og blir sett på som særleg verdfulle ut i frå korleis det ligg til, både når det gjeld tilgjenge og spesielt med tanke på omgjevnadane. Det siste særleg med tanke på Småstølsvatn og Sitauten.

Sportsfiskaren Kvinnherad har gått grundig gjennom konsesjonssøknadane, søknad om overføring av Sitautevatn til Valedalen og søknad om utbygging av Valedalen kraftverk. Me vil gjerne få gje uttrykk for våre synspunkt kring dette, der me har motsegn og spørsmål knytt til nokre av punkta. Me har nedanfor freista å gjere dette ved å kommentere dei einskilte punkta. Nokre av våre synspunkt vil gjerne kome inn på begge prosjekta

Søknad om overføring av Sitautevatn til Valedalsvatn.

Punkt 2.2 Inntak og overføringer.

Her står det å lese: «I utløpet av Sitautevatn støpes en 5-10 m lang og 0,5-1 m høy betongterskel (Fig 5), som sikrer at avløpet ledes over inntaksterskelen mot borhullet og over til Småstølstjørna. Det etableres også terskler i eventuelle sideutløp.»

Vedgåande høgde på terskel og tersklar i eventuelle sideutløp, finn me at dette står i kontrast til utsegn gitt av Terje Enes, Kvinnherad Energi på folkemøte ved Valen Grendahus. Der påpeika han i klartekst at vasstanden slik den er i dag skulle framover vera uendra. Ei endring i høgda på vasstanden, anten opp eller ned over dei naturlege svingingane, vil i sterk grad spela inn på ferding langs land. Høgare vasstand gjer og tilkomsten til gode fiskeplassar vanskelegare. Det einaste aktuelle sidelaupet ligg litt ved sida av bekken ut frå Sitautevatn. Ved normal vasstand ligg dette ca. 40- 50 cm over vasstand. Og viss ein meiner at det skal etablerast ein terskel her, så vil dette ha ei alvorleg verknad på korleis det ser ut rundt vatnet.

Kommentarar til Punkt 2.2 side 10 av 28, samt figurar knytt til punkt 3.1:

Ut frå rapporten forstår me det slik at det er måleserien 42.2 Djupevad som ligg til grunn for berekning av vassmengd i ulike tabellar og søknaden generelt. Den målestasjonen er plassert på kote 100 i Handelandselva og femner om eit stort nedbørsfelt. I dette nedbørsfeltet er det djupe dalar og elles nedbørrike områder.

I Sitautevatnet, som rett nok og tilhøyrrer ytterkanten av nedbørsfeltet, er det vår erfaring at det ikkje er så store nedbørsmengder grunna topografien. Det er slik kart og bilete i rapporten syner, eit flatt område på ein topp med bratte kantar rundt. På vintrar bles det elles store mengder av snø utfor ulike kantar og utfor nedbørsfeltet til Sitautevatnet, som då ikkje kan reknast med. Lokalkjende folk og underteikna stiller seg svært undrande til rapporten, som seier at vassføringa ut av den vetle bekken frå Sitautevatnet kan utgjera så mykje som 74 l/s i middelvassføring.

Etter vår meining vert det direkte feil å bruka ein målestasjon i ei relativt stor elv 100 m.o.h. , for generalisert bruk av talmateriale til eit så pass ulikt og avgrensa nedbørsområde som 520 kvadratmeter på høgfjellet. Verkeleg feil vert det når me les tabell 2 på side 10 av 28. Her finn våre utrekningar ut, at ein i rapporten i tillegg har teke seg den fridomen, å auka tilsiget til Sitautevatnet med 43 % over det som måleserien 42.2 Djupevad tilseier. (frå 99 l/s*km² til 142 l/s*km²).

Før ein kjem til ein konklusjon på Valen kraftverk AS sin søknad, er det vår oppmoding at ein uhilda part måler vassmengd ut frå Sitautevatnet.

Djupevad målestasjon har som kjend målingar kvart 15 min heile døgnet. Den vetle bekken ut frå Sitautevatnet kan då samstundes målast med svært enkle middel, vassbøtte og stoppeklokke om ein så ynskjer. Uansett kva ein eventuelt velgjer, så kan ein samanhalda resultata frå desse målepunkta. Me er så freidige at me trur at resultata vil visa at Norconsult sine tal ikkje stemmer og at våre påstander vert underbyggja. Dette håpar me vil syna at nytten av ei eventuell utbygging ikkje på noko måte oppveg for dei negative konsekvensane.

Punkt 2.4 Fordelar og ulemper ved tiltaket.

Her står det å lese: «Tiltaket vil skje i et område som allerede er påvirket av vannkraftutbygging med kraftverk, overføringer og reguleringer.»

Dette meiner me vi ikkje stemmer. Visstnok er Vesledalsvatn 741 m.o.h. regulert frå gamalt av, men det ligg i god avstand til Småstølsvatn som ligg på eit platå 847 m.o.h. Utanom Vesledalsvatn må ein så ned til Valedalsvatn som ligg 477 m.o.h. for å finne område prega av vasskraftutbygging. Når det gjeld Sitauten, så er det dessutan i eit anna vassdrag og

nedbørsfelt. Ut i frå desse avstandane og høgdeforskjellane kan derfor ikkje Småstølsvatn og Sitauten innlemmast i dette området.

Punkt 3.4 Biologisk mangfold og verneinteresser.

Her står det å lese: «De nærmeste villmarkspregede områdene (< 5 km frå tyngre tekniske inngrep finnes i forbindelse med Folgefonna Nasjonalpark og blir ikke berørt av tiltaket.»

Viss ein ser på dei lett tilgjengelege områda opp mot Folgefonna så er dei alle sterkt prega av utbygging- som Mauranger og Blådalen. Det er etter vår meining difor ennå viktigare å verna dette området, som ligg så tett opp mot nokre av dei største befolkningssentra i kommunen. Me merkjer oss med skepsis og undring at denne rapporten frå Norconsult AS, som elles viser stor grad av nøyaktigheit til talmateriale og ulike grafar, har utelate prosentvis bortfall av den mest verneverdige INON-sone 1. Det vert berre vist til reduksjon av INON-soner samla på totalt 6 %. Om ein les rapporten frå Rådgivende Biologer AS, vert det vist til eit bortfall av INON- sone 1 på 47 %. Det må minnast på at dette er det nest største INON-sone 1 området i Kvinnherad av totalt berre 4 «gjenlevande». Oversiktskart hos Miljødirektoratet viser eit dramatisk bortfall av INON-soner dei siste 10 åra.

Punkt 3.5 Fisk og ferskvannsbiologi.

Her står det å lese: «Der denne bekken renner ut i Valedalsvatnet er det pr. i dag ingen gyting. Valedalsvatnet har en god til overbefolka bestand med ørret som også er uendret og gyteforholdene er brukbare.»

Og i neste avsnitt står det: «Overføringen av mer vann til Valedalsvatnet vil derfor gi en liten positiv virkning på gytemulighetene.»

Me kan ikkje sjå at ein overbefolka bestand treng betre gytemoglegheitar. Dette talar imot å føre meir vatn ned denne bekken. Rapporten omtalar elles at gyteforhalda i Sitauten vil bli reduserte, noko me ser på som uheldig om ein skal bevare ein sunn fiskebestand.

Punkt 3.7 Landskap.

Her står det å lese: «Fossen frå Småstølsvatn og ned i Valedalsvatnet vil få økt vannføring og blir dermed meir synlig frå områdene rundt valedalsvatnet, som vil gi en positiv virkning for den visuelle delen av fossen.»

Me stiller spørsmål ved denne påstanden. Uansett så vil denne fossen bli ein miniatyr av Vesledalselva. Og største delen av året vil fossen renne ned i et nedtappa Valedalsvatn som nok vil øydeleggje for det positive inntrykket av ein foss frå Småstølsvatn. Dessutan vil ein eventuell positiv visuell verknad ned mot Valedalsvatnet sjølvsagt då gje ein redusert visuell verknad i vassdraget ned mot Børsdalen, som siste tida er blitt eit attraktivt turområde.

Punkt 3.11 Brukerinteresser.

Her står det å lese: «Det er relativt lite friluftaktivitet i området rundt Sitautevatn.»

Området kan ikkje måle seg med områda nede i Valedalen med omsyn til tilgong til friluftaktivitetar og antal folk som ferdast der. Det er og difor området har det villmarkspreget som det har. Den største aktiviteten i området føregår ved Småstølsvatn sidan nesten all trafikk innover i fjellet føregår på den sida av vatnet som ligg mot Valedalen. Men det føregår ein god del sportsfiske med stong, spesielt i Sitautevatn og det blir teken opp godt med fin fisk. I tida etter siste kalking var auren av svært god kvalitet.

Me er ueinig i påstanden om at auka vassføring vil gje eit positivt inntrykk for friluftaktivitetane i området, og at tiltaket vil imidlertid ikkje utgjere noko fysisk hindring for friluftsliv i området. Me meiner ei kraftig auke i vassføringa i bekken frå Småstølsvatn grunna nedbør/snøsmelting saman med vatn frå Sitautevatn, kan tvinge folk vekk frå løypa som går vidare inn på fjellet og over i meir ulendt terreng- som terrenget mellom Småstølsvatn og Sitautevatn.

Punkt 3.13 Samfunnsmessige virkninger.

Her står det å lese: «Overføringen frå Sitautevatn til Valedalselva vil med små naturmessige inngrep gi noe økt produksjon i eksisterende og planlagt kraftverk som utnytter fallet i valedalselva.»

Det står *noko* økt produksjon, altså ikkje mykje. Slik me forstår rapporten, dreier det seg om 75 liter/sekundet i årsmiddel. Me kan difor ikkje sjå at det er naudsynt for nokon av dei to utbyggingsalternativa i Valedalen, at denne overføringa blir utført. Me kan vidare heller ikkje sjå at dei samfunnsmesige interessene kan vega opp for dei negative verknadane inngrepa vil medføra.

Punkt 3.18 Samlet belastning.

Her står det å lese: «Til forskjell frå de fleste småkraftverk som omsøkes og bygges er overføring av Sitautevatn å regne som et O/U-prosjekt hvor overføringen skjer til et allerede regulert vassdrag.»

Valedalsvatnet er rett nok allereie regulert, men i neste setning står det: «På grunn av at inngrepet skjer i et vassdrag som i dag er påvirket av vannkraftutbygging, vil typiske konsekvenser være mindre, noe som og fremkommer av den vedlagte miljøutredningen.»

Slik me ser det er det ikkje korrekt å sei at Småstølsvatn og Sitautevatn ligg i et vassdrag som er påvirka av vasskraftutbygging. Dette med tanke på dei avstandane både i gangavstand og høgdemeter som er mellom Sitautevatn, Småstølsvatn og Valedalsvatn. Når det gjeld Sitautevatn, så høyrer heller ikkje dette til Valevassdraget då dette vatnet renn ut i Børsdalen for så å fortsette ned i Handelandselva som renn ut i Høylandssundet. Dette vassdraget er dessutan eit av dei svært få attverande i Kvinnherad, av storleik og lengde, som enno er fri for vasskraftutbygging.

Rådgivende Biologer AS RAPPORT.

Brukerinteresser.

Sportsfiskaren Kvinnherad er ingen Jegerorganisasjon. Når me likevel velger å kommentera enkelte uttalingar, så er det på grunn av at me ser verdien av området under eitt og det kan vera vanskelig å sjå jakt, fiske og friluftsliv kvar for seg. Me må difor føya til at det ikkje berre er i området rundt Valedalsvatn det føregår småviltjakt. Områda rundt Småstølsvatn og Sitautevatn er også brukt som småviltterreng. Området er og dessutan mykje brukt til fiske,

akkurat grunna totalopplevinga knytt til fiske, natur og dei inngrepsfrie og urørte kvalitetane området innehar.

Inngrepsfrie naturområder(INON)

På side 23 og 24 viser bortfall av INON soner. Det står også: «Siden influensområdet ligger i nærheten av de største INON sonene i fylket, vil ikke de negative virkningene av bortfall være så stor som i resten av fylket.»

Dette er en argumentasjon som me stiller spørsmål ved. Områda rundt Folgefonna er allereie sterkt prega av utbygging. Og avstanden til Hardangervidda Nasjonalpark er også så stor at det vanskelig kan ha noko å seie for bortfall av INON soner i Kvinnherad. Viser elles til kommentarar til punkt 3.4 og minner og på at det i fylket vårt er kommunar som har kome i den situasjonen at dei ikkje lenger har INON -sone 1.

Akvatisk miljø.

På side 26 er det igjen tale om auka gytemoglegheitar for fisken i Valedalsvatnet i bekk frå Småstølsvatn. Me har kommentert dette tidligare kor me meiner at eit overbefolka vatn ikkje treng betre gytemuligheter.

I motsatt lei vil ein opplagt gytebekk for auren i Sitautevatn verta stengt i eit vatn med en aurebestand som er rekna for tynn. Dette vil og på sikt kunne føre til at aurebestanden i småvatna ned mot Børsdalen forsvinn med det tapet av oppleving som det fører med seg.

Konklusjon.

Sportsfiskaren Kvinnherad går sterkt imot ei overføring av vatn frå Sitautevatn til Småstølsvatn. Me har ovanfor argumentert for vårt syn gjennom å gå gjennom dei uttalingane frå Norconsult og rådgjevande biologar som me er ueinige i. Sportsfiskaren Kvinnherad meiner at Sitautevatn og Småstølsvatn ligg i eit område som ikkje er prega av utbygging. Begge vatna ligg relativt skjerma til i forhold til tekniske inngrep. Me meiner og at eit inngrep i desse to vatna vil kunne føre til lettare adkomst for ytterlegare utbygging i Vale- og

Husnesfjella. Denne påstanden byggjer me på utsagn i forbindelse med veg og utbygging i Vetrhus i Blådalen kor det blei argumentert med at området var så utbygd frå før at vidare utbygging ikkje ville bety noko. Også i denne søknaden blir det feilaktig argumentert med at området ligg i eit område som er prega av vasskraftutbygging.

Me i Sportsfiskaren Kvinnherad ser difor ikkje isolert på sjølve fisken. Då hadde denne utbygginga kanskje spela ei mindre rolle. Sportsfiske er ei totaloppleving kor omgjevnadane betyr mykje. Og i så tilfelle er desse to vatna unike i Kvinnherad. Dei er omtrent dei einaste vatna som samstundes som dei ligg i eit urørt høgfjellsområde er lett tilgjengelige. Og alt i frå kor du går ifrå, tek det mellom 2 og 2,5 timar å koma fram. Rådgjevande biologar skriv på side 11 at vurdering av landskapskvalitet vil alltid være subjektiv. Vårt subjektive og forhåpentligvis objektive syn er at med dei fjellformasjonane som ligg rundt vatna og dermed den utsikten som fins så betyr landskapskvaliteten i dette tilfelle svært mykje. Mykje av dette vil bli ødelagt for all framtid med utsprengning i Sitautevatn ilag med utsprengning og fyllmassedeponi i eit så nakent område som ved Småstølsvatn. Me ser det og som eit ansvar at uberørt natur, spesielt INON-sone 1, vert verna til stor verdi for komande generasjonar. Det ligg og eit stort ansvar i å bevare eit av dei svært få vassdraga i Kvinnherad, med storleik og lengde, som renn «uforstyrra» frå fjell til fjord. Det er og vår klare påstand at dei samfunnsmessige positive interessene er klart mindre enn kva dei negative konsekvensane er, dersom det vert ei utbygging.

Mvh

Ståle Schille
Leiar Sportsfiskaren Kvinnherad

Steinar Haktorson
Nestleiar Sportsfiskaren Kvinnherad